



STATENS VEGVESEN
MØRE OG ROMSDAL

VEGDIREKTORATET
2. MARS 1983
BIBLIOTEKET


VEG OG VIRKE

I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 1

Mars 1983

11. årg.



VEG OG VIRKE

I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 1

Mars 1983

11. årg.

**BEDRIFTSAVIS FOR
VEGVESENET I MØRE OG
ROMSDAL FYLKE**

Redaksjonsutval:

Andor Wicken
Arne Johnsen
Terje Haug

Redaksjonsråd:

Ulf Myhre
Tore Hoëm
Ottar Brudeseth
Per Dalsbø
Olaus Winther
Oddmund Gussiås

Redaksjonssekretær:

Terje Haug
Utgitt av Statens Vegvesen,
Vegkontoret Møre og Romsdal.

Redaksjonens adresse:

Fylkeshuset,
Julsundvegen 1 B, 6400 Molde

Sats og trykk:

Jan Betten & Sønns Trykkeri, Tingvoll

Opplag: 1800**Innheld:**

- 3 Vegsjefen har ordet
- 5 Trafikkulykker i Møre og Romsdal
- 7 Hva med Statens vegvesen M & R i NTÅ-1983
- 9 Tillatt aksellast på riksvegane i M & R
- 12 Trafikkomlegging på Ytre Sunnmøre
- 14 Planlegging 1983
- 17 Kurs i færarprøvevurdering
- 18 Oversyn over biltilsynets arbeid i 1982
- 20 Vegdirektøren som syklist
- 22 Vekst i ferjetrafikken i fylket i 1982
- 24 Bruk av plastmateriale i fenderverket på ferjekaiene
- 26 «Knusaren»
- 28 Stor opplæringsaktivitet i 1982
- 30 Billigere vegg tunneler
- 32 Opplæringsprogram for 1983
- 34 Vegen — vår risikofylte arbeidsplass

- 35 Kompressor stjålet
- 36 Nytt fra arbeidsmiljøutvalget
- 38 Hedersbevisning til pensjonister
- 40 Kryssord
- 42 Tunnel kan være en trafikkfelle
- 43 Fylkeshus II
- 44 T-10
- 47 Eiendomskostnader i M & R 1982
- 50 Rasulykka på Skei i Surnadal
- 61 Uten refleks er du usynlig på veien
- 62 Endringer i anleggsbestyrarområder
- 65 Bygging og sivil ulydnad i 1870-åra
- 66 Endringer i fellesbestemmelsene
- 69 Vi gratulerer
- 70 Yrkesbevis for maskinførarar
- 71 Vellykket nedskyting av fjellblokk
- 74 Bedriftsidrett
- 76 Ordet fritt Varsling av vegarbeid
- 77 Brøytebilen
- 78 Vannsikring med Etkofoam
- 79 En reise i Norge

Vegsjefen har ordet:

TRAFIKKSIKKERHET — OGSÅ DITT ANSVAR

Slagordet for det nordiske trafikksikkerhetsåret burde gi oss noe å tenke på: Trafikksikkerhet — også ditt ansvar. Vi vet at årsaken til trafikkulykkene er mange og sammensatte. Vi vet at vi må sette inn mange forskjellige virkemidler for å bekjempe de. Og vi vet at om det kan synes svært vanskelig, så kan vi ikke gi opp.

Vegvesenets ansatte har viktige funksjoner i arbeidet for trafikksikkerheten. Vi må planlegge for sikkerhet i vegsystemet på kort og lang sikt. Vi må i vedlikeholdet sørge for at sikkerheten blir tatt vare på på beste måte. Vi skal se til at nye bilførere får en god opplæring. Det skal passes på at tiltak for trafikksikkerhet ikke taper i konkurransen når det blir mindre midler.



Dette er viktig, men slagordet går kanskje like mye på hver enkelt av oss som trafikanter. Tenk om vi som bilister var mere villig til å avpasse farten etter forholdene. Om vi var mere villige til å vise hensyn ovenfor andre trafikanter. Om vi kunne få slutt på promillekjøring og bruk av bil som leketøy. Kort sagt: Om vi innså at trafikksikkerheten også er den enkeltes ansvar.

Det er nødvendig gjennom påvirkning, å skape bedre holdninger i trafikken. Og dersom det lykkes, så kreves det en kontinuerlig informasjon for å holde de vedlike. Vi skal også være klar over at det kommer stadig nye trafikanter til. Vi håper derfor på en ekstra støtte fra massemedia i det nordiske trafikksikkerhetsåret.

Kaare Flaate

MØRE OG ROMSDAL
VEGTRAFIKULYKKER 1982
SAMANLIKNA MED 1981

FYLKESSOVERSIKT

Ark. 853
OMH/IHA

VEGKONTORET, MOLDE 9. FEBRUAR 1983

Trafikkulykker i Møre og Romsdal: 1982 — Eit vendepunkt til det verre?

Status for trafikkulykkesutviklinga ved utgangen av 1982 er at vi dette året opplevde **stagnasjon i den ulykkesnedgangen** som vi årleg har hatt den siste tida. Tabellen viser den totale oversikta, men nokre særdrag kan nemnast:

Samla vegnett:

4% reduksjon (20 ulykker) i høve til 1981. (Talet gjeld pr. 9. februar, og nokre få fleire ulykker kan ventast på grunn av sein innrapportering). 10% reduksjon (16 ulykker) for ulykker med mjuke trafikantar.

40% auke (frå 45 til 63 ulykker) for syklistulykker spesielt.
Dette er ein uhyggeleg stor auke, som bør reagerast kraftig på!

Riksvegar:

5% auke for samla ulykkestat, 10% nedgang for mjuke trafikantar. Dette er første året sidan 1977 det er registrert auke på riksvegane.



Fylkesvegar:

Nært same ulykkestat i 1982 som i 1981. Ingen reduksjon for ulykker totalt, ingen reduksjon for mjuke trafikantar.

Kommunevegar:

Berre her kan det registrerast ein klar reduksjon. Nedgang på 34 ulykker utgjer 24% reduksjon. Her bør ein ta med i biletet at ulykkestalet for 1981 låg uvanleg høgt. Tilsvarande gjeld for ulykker med mjuke trafikantar, der det var ein reduksjon på 15% (10 ulykker færre).



Sykkelulykkene auka med 40% i Møre og Romsdal i 1982.
Vedlikehald av gang- og sykkelvegar er normalt eit kommunalt ansvar.



KVA MED FRAMTIDA! KAN MÅLET BLI NÅDD!

Ei halvering av talet på personar skadd eller drept i trafikken i Møre og Romsdal i 10-årsperioden 1977-1987. Dette er målet for trafikktryggingsarbeidet i fylket for dei åra vi no er inne i. Dette er det talet som politikarane har sluttat seg til, og som vi skal måle utviklinga mot.

Første halvdel av 10-årsperioden har gått svært bra, — i alle høve for riksvegulykkene sin del. Desse utgjer 60% av alle ulykker, og er såleis mest utslagsgjenvande. Her har vi kvart år sidan 1977 hatt ein markert reduksjon. Denne har vore så stor at vi fram til no ligg godt an i høve til målsettinga. Sjølv om det er mange faktorar som påverkar ulykkesutviklinga, så samsvarar dette likevel godt med den sterke satsinga vi no har hatt ein periode på fysiske trafikktryggingstiltak på riksvegnettet. Særleg gjeld dette i samanheng med at talet på ulykker med mjuke trafikantar no på det nærmeste allereie er halvert på riksvegane.

Likevel er ulykkestalalet framleis svært stort, **risiko-nivået er framleis**



på det høgste i landet, og det er mykje trafikktryggingsarbeid som står att på riksvegnettet i fylket. Effekten av dei aktuelle tiltaka vil også i åra som kjem vere rimeleg stor, men tiltaka må ventast å verte tyngre etter kvart og koste meir å få gjenomført. Kanskje bør utviklinga i 1982 vere ei påminning om at vi ikkje automatisk kan vente oss årlege ulykkesreduksjonar på riksvegnettet heller.

På **fylkesvegnettet**, der ca. 20% av ulykkene skjer, er det vanskelegare å drive med målretta trafikktryggingstiltak. Ulykkene synest vere temmeleg spreidde, og investering i slike tiltak ser ut til å verte lågt prioritert på politisk og administrativt hald i kommunar og i fylke.

Trafikkulykkene på **kommunevegnettet** skjer i det alt vesentlige i dei tre bykommunane og nokre få større tettstader. I byane vil ein med det første få eit godt utbygd ulykkesregister for utbetring av dei mest trafikkfarlege stadane. Økonomien i dag er likevel slik at stor og massiv innsats neppe kan ventast. Møre og Romsdal er her eit av dei fylka som ikkje har noko tilskottssordning frå fylket til slike prosjekt på kommunale vegar.

Mykje godt trafikktryggingsarbeid som gjeld heile vegnettet og alle trafikantar, vil bli gjort i tida som kjem, innafor dei forskjellige fagområda. Framleis vil det nok likevel vere berre på riksvegnettet at arbeid med konkrete, målretta trafikktryggingstiltak retta direkte mot ulykke-

ne, kan skje i særleg stor breidde. Det er her dei store ulykkesreduksjonane framleis må hentast, der som målsettinga om halvering av ulykkestallet skal kunne bli nådd.

Om dette arbeidet skal skje, er avhengig av ein einaste ting: **Vil midlar**

til trafikktrygging bli prioritert høgt nok? Dette er det politikarane i fylket som bestemmer, ikkje minst gjennom dei «signal» som vert gjevne i forskjellige samanhengar. Året 1983 vil her gi svar på mykje!

Magne Flemsæter



Hva med
STATENS VEGVESEN MØRE OG ROMSDAL
og
NORDISK TRAFIKKSIKKERHETSÅR 1983

I disse spalter er tidligere gitt orientering om Nordisk Trafikksikkerhetsår 1983, som nå er igang. Presse og massemedia har begynt å berette om aksjonen, og den nasjonale komitéen for NTÅ-1983 har sendt ut blant annet til fylkene en rammeplan for hva aksjonsåret bør eller kan inneholde av aktiviteter m.v. Kan så NTÅ-1983 på noen måte få betydning for oss i Statens vegvesen?

Ja, på to måter i alle fall. For det første gjennom sekretariatsjobben for fylkets trafikksikkerhetsutvalg. For det andre ved at vi må rette blikket selvranskende innad mot egen organisasjon, og se om det er oppgaver vi kunne gjort bedre, eller om det er naturlige oppgaver vi slett ikke gjør i det hele tatt. NTÅ-1983 er ment å skulle være en velegnet ledning til å rette på slike forhold.

I det nevnte rammeopplegget oppfordres fylkenes trafikksikkerhetsutvalg (FTU) til å være det felles kontaktpunkt mellom den nasjonale komitéen, fylket, organisasjonene og de offentlige instanser i fylket. FTU blir også bedt om å påta seg oppgaven med å inspirere og i størst mulig grad koordinere tiltakene i kommunene. Vegdirektoratet for sin del ber vefsjefen som sekretær for FTU, om å legge stor vekt på å følge opp rammeplanens opplegg for NTÅ-1983, og ellers ta initiativ for å utnytte NTÅ best mulig i arbeidet for bedre trafikksikkerhet. Altså en ganske omfattende arbeidsoppgave for oss som skal dekke funksjonen som FTU-sekretariat, i tillegg til ellers temmelig overflylte skrivebord og tidsskjema fra før!

Hva så med det selvranskende blikket innad? Her er det naturlig å

ta fotfeste i slagordet for NTÅ-1983 i Norge:

TRAFIKKSIKKERHET OGSÅ DITT ANSVAR

Hver og en av oss som arbeider i Statens vegvesen i Møre og Romsdal har et ansvar for å gjøre etaten til en bedre og mer effektiv trafikksikkerhetsetat, og til selv å praktisere trafikksikkerhet ved vår oppførelse i trafikken og i vårt virke.

En naturlig videreføring av dette er at hver enkelt med dette oppfordres til å bruke fantasi og åpne øyne, og komme med forslag til hvordan vi, som etat og arbeidsplass, best kan forbedre oss i retning av å oppnå større grad av trafikksikkerhet. Alle forslag er verdifulle, men størst nytte vil de forslag og ideer ha som gir varige forbedringer, utover aksjonsåret 1983.

Statens vegvesen vil i tillegg til dette legge opp et program for en del aktuelle aktiviteter i aksjonsåret. Biltilsynets virksomhet må her finne sin meget viktige plass i et slikt program. En oppsummering og avsluttende kraftinnsats for «Aksjon skolevegtiltak» er aktuelt, en mer konsekvent innsats med hensyn til oppmerking av gangfelt og sikring av kryssingsteder har lenge vært påkrevet. Eneulykker, utforkjøringsulykker, må vies større oppmerksamhet, osv.

For NTÅ-aktiviteter generelt i Norge er det ønskelig at disse tre tema

vies spesiell oppmerksamhet:


1. Barn og trafikk.
2. Rusmidler og trafikk.
3. Trafikksikkerhet i lokalmiljøet.

I noen grad kan nok disse gå igjen i vegvesenets aktiviteter også, men her er det lagt opp til stor individuell frihet i tillegg. Vi oppfordrer derfor nok en gang: Vis oppfinnsomhet og kom med forslag. Vær med og form Statens vegvesens innsats i det nordiske trafikksikkerhetsåret i Møre og Romsdal!

Husk mottoet:

Trafikksikkerhet — også ditt ansvar.

Magne Flemsæter



Tillatt aksellast på riksvegane i Møre og Romsdal

Eit av måla med vegutbygginga er å få ein større del av vegnettet tillatt for 10 t aksellast utanom teleløysinga. Møre og Romsdal ligg her etter dei fleste andre fylka i landet. Ser ein 9 t og 10 t saman er ikkje biletet så svart.

Ein viktig grunn til dette er at vi har prøvd å byggje opp eit harmonisk vegnett med balanse mellom fylkesvegar og riksvegar. Med 9 t tillaten aksellast kunne ein med dei same midlane rekkje over ein større del av vegnettet.

Vegvesenet legg ned mykje arbeid i å finne ut korleis ein kan utnytte vegnettet maksimalt. Målingar og utrekningar vert utførde for å fastsette vegens og bruene s bæreevne. I teleløysinga er det restriksjonar på over 90% av vegane i Møre og Romsdal.

Det er ei rekkje krav om utbetringar med sikte på betre framkommelegheit. Ein kan nemne problem med vegbreidd, kurvatur, liten fri høgd, for liten kapasitet, bruer, ferjestrekninga og skredproblem i tillegg til låg tillaten aksellast og telrestrikjonar.

Storleiken av tillatt aksellast og nedsett aksellast i teleløysinga har mest å seie der tungtrafikken er stor. På same vis er det særskilt viktig i samband med gjennomgåande hovudruter og vegruter som går ut av fylket.

Utbetring av desse vegane vert ofte sett opp mot nye vegar og bruer og innkorting av samband. Dette er ei vanskeleg avveging. Ser ein på utviklinga i landet elles, er det likevel klårt at vi må gjere noko meir når det gjeld å betre vegnettets transportstandard.

Den neste vegplanen vil truleg legge større vekt på å betre situasjonen for næringstransportane. Vi har sett på kva for ei utvikling vi kan få til innafor denne vegplanperioden. Ein vil sjå av tabellen at lengda av vegar med 10 t aksellast kan auke frå 65 km til 548 km dei neste 3 åra.

Dersom dette lukkast, vil vi komme opp i ca. 31% av riksvegnettet med 10 t tillatt aksellast. Målet for Norsk Vegplan i denne perioden for landet totalt, er 43%. Ei direkte samanlikning av desse talla er ikkje rett, men dei gir likevel ein peikepinn om at arbeidet må halda fram.

Kaare Flaate

RIKSVEGSTREKNINGER SOM FORVENTES APNET FOR 10 TONN
 AKSELLAST

| Rv | Strekning | 1/1-83 10 t km | 1/1-84 10 t km | 1/1-85 10 t km | 1/1-86 10 t km |
|-----|---------------------------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| E69 | Oppland gr.-Åndalsnes | | 44,4 | | |
| E69 | Åndalsnes-Ålesund | | 3,4 | | 123,6 |
| 14 | Spjelkavik-Blindheim | | 3,7 | | |
| 14 | Blindheim-Solevågseid | | | 47,5 | |
| 14 | Solevågseid-Volda | | | | |
| 16 | Sør Trøndelag gr.- Bråten bru | | | | |
| 16 | Bråten bru-Ålvundfoss | | 7,0 | | |
| 61 | Brandal-Hareid | | 4,0 | | |
| 61 | Hareid-Kvennåvågen | | 18,9 | | |
| 61 | Strand-Ulsteinvik | | 1,7 | | |
| 62 | Molde (havneterm.)- Lønset x Rv 64 | | 10,3 | | |
| 62 | Lønset-Kleive | | 15,6 | | |
| 62 | Kleive-Toven | | | 29,6 | |
| 62 | Toven-Krokshamn | | | | 32,2 |
| 62 | Krokshamn-Sunndalsøra x Rv 16 | | | | |
| 64 | Åndalsnes x E69- Lønset x Rv 62 | | 44,9 | | |
| 65 | Sør Trøndelag gr.-Øye | | 45,1 | | |
| 653 | Garnes-Eiksund | | 11,0 | | |
| 654 | Kvennåvågen-Tjørvåg | | 5,7 | | |
| 656 | Mauseidvåg-Sulesund | | 6,7 | | |
| 657 | Solevågseid-Mauseidvåg | | 2,8 | | |
| 663 | Eidem-Tverrfjell | 9,7 | | | |
| 664 | Eidem x Rv 663- Eidem vest | 1,0 | | | |
| 666 | Toven-Raudsand | | | 4,5 | |
| 670 | Skei-Ålvundfoss | | 20,9 | | |
| | Sum tilgang pr. år | 10,7 | 246,1 | 81,6 | 155,8 |
| | Total sum | 65,2 | 311,3 | 392,9 | 548,70 |

RIKSVÆGSTREKKINGAR MED TILLATT LO TONNS AKSELTTRYKK


MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Målestokk = 1 : 1000 000



Nord

- Pr. 1/1 - 1983
- - - u - 1984
- - - u - 1985
- ... - - u - 1986







Trafikkomlegging på Ytre Sunnmøre

Etter vedtak i politiske organer blir i år ferjeruta Hareid-Ålesund erstattet med hurtigbåt for passasjerer,

mens biltrafikken henvises til sam-
bandet Sulesund-Hareid.



M/S «Hyen» er samme type hurtigbåt som MRF har kontrahert.



B/f «Hjørungavåg».

Biltrafikken med «Hjørungavåg» over Breisundet har de siste åra gått sterkt ned, mens den stadig auker over Sulesund. Det antas derfor å være økonomisk å legge ned bilferjedrift Ålesund-Hareid, samtidig som trafikantane får et mer variert tilbud.

Møre og Romsdal Fylkesbåtar har forberedt seg på omlegginga ved å ha kontrahert hurtigbåt av «Westamaran»-typen for levering ca. 1. september 1983. Til den tid skal det stå ferdig flytekaijer både på Hareid og ved Skateflua. Båten vil ventelig overta «Hjørungavåg»-navnet, mens bilferja må få et mer lokalt navn når det settes inn over Romsdalsfjorden.

Ennå tidligere får MRF sin første «storferje» — en pendelferje som ved hjelp av hengedeckk kan ta ca. 90 personbileenheter. Denne ventes innsatt på Sulesund-Hareid-ruta allerede før sommerferien, og navnet er ventet å bli «Brandal».

Vegvesenet har også nok å stå i med tiltak før trafikk-omlegginga:

1. Ferjetilleggene på Hareid og Sulesund må ombygges for å kunne ta mot storferja. Samtidig skiftes heisesystemene og kaia på Hareid blir kraftig forsterket.

2. Ny vegparsell i Spjelkavik ved Myrabakken vil ved åpninga i juni gi kontinuerlig gang-/sykkelbane fra Spjelkavik til Blindheim og bedre forhold for kjørende trafikk (som er ventet å auke her i samband med omlegginga).

3. Helt ny veg fra Vegsundbruas sør-side fram til Sjukeneset er påbegynt. Store masseflyttingsarbeider og nedtaking av bratt ur, planfrie krysninger osv. skal utføres før trafikken i 1984 kan gå utenom de mange avkjørsler og faremomenter denne delen av riksveg 14 idag har.

4. Største arbeidene foregår likevel i nærheten av Mauseidvåg der et par større kulverter alt er «ferdigproduserte» og nå tunnelarbeid er oppstartet for å løse biltrafikken utenom tettstedet og de berykte Mauseidvågbakkene — langtransportens skrek og gru. Her jobbes det nå for fullt for tidligst mulig å gi trafikken klar bane over dal og gjennom fjell fram til ferjekaia ved Sulesund.

Så gjenstår det bare å se om storinnsatsen fra vegvesenet og MRF for bedre forhold for trafikantene får den ventede virkning.



**Med bøyde knær
og ryggen rak
vil løfting bli
en enkel sak!**

PLANLEGGING 1983

1. Revisjon av Norsk vegplan

Arbeidet med revisjon av Norsk vegplan er kommet i gang. Det skal utarbeides endelig program for perioden 1986-89 og foreløpig program for perioden 1990-93. Rammer og retningslinjer fra sentralt hold var opprinnelig bebudet å foreligge i oktober 1982. Retningslinjene kom ved månedsskiftet januar/februar mens det ennå mangler økonomiske rammer.

I henhold til tidsplan for utarbeiding og politisk behandling bør et første utkast til investeringsprogram være ferdig til ettersommeren. I den tida som står til rådighet bør det legges spesiell vekt på kostnadssida av sannsynlige tiltak, spesielt for perioden 1986-89. Gjennom etterslep fra inneværende periode har vi en del planmateriale m/overslag som bør etterregnes, for andre prosjekt bør det fremskaffes realistiske kostnadstall for sannsynlige løsninger selv om saksbehandling i henhold til planforskriftene må utstå. For forsterkningsanlegg og gang-/sykkelveger bør spesielt behov/ ønskelighet av annen samtidig standardheving vurderes og om nødvendig tas hensyn til. Vi har vel hatt en tendens til å se bort fra eller undervurdere slike tiltak med store kostnadsoverskridelser som følge når vi senere har funnet det praktisk eller nødvendig å gjøre noe mere enn det som primært var hensikten.

2. Aktuelle planoppgaver 1983

E69

Ingen store linjevalg på gang bortsett fra at det stadig mangler endelig vedtak for Sjøholt-Abelset. Fortsatt noe hovedplanlegging i Romsdalen, men i redusert omfang som følge av den standardheving som oppnås gjennom igangværende forsterkningsarbeid. Ellers hovedplan Svarta-Digernes, aktuelt prosjekt for prioritering i 1986-89. En del planlegging for miljøtiltak, spesielt på strekningen mellom Åndalsnes og Tresfjord.

Rv 14.

Grunnerverv og byggeplan (inklusiv omlegging rv 60) etter stadfestet reguleringsplan på strekningen Blindheim-Vegsund samt framholdende arbeid med reguleringsplan Spjelkavik-Blindheim.

Hovedplan, delvis i to alternativ, for Sjukeneset-Solevågseid med arm til Solevåg fk. og omlegging av rv 657 til Bjørkavåg vil være under arbeid.

Største planoppgave sør for Festøy er hovedplan for ny rv 14 gjennom Ørsta sentrum også inkludert strekninga Skorge bru-Mork bru. Ellers planlegging for noen miljøprosjekter samt framholdende planlegging for utbetring mellom Straumshamn og fylkesgrensa.

Rv 16.

Ingens store planoppgaver i 1983, men planlegging for en rekke miljøtiltak og for ny Bråten bru med tilstøtende veg i forbindelse med forsterkningsarbeid på riksvegen.

Rv 58.

Som følge av kommunestyrevedtak i Stordal kan det fortsatt bli noe arbeid med planer for ny Visethammer tunnel. Ellers hovedplan Komvika-Vestre bru-Amdam.

Rv 60.

Grunnerverv Aure-Tynes samt noe planlegging på strekninga Ringstad-Drege.

Rv 61.

Hovedplan i flere alternativ for parsell Eidså-Fiskå, ellers planlegging for et miljøtiltak.

Rv 62.

I samarbeid med Molde kommune vil arbeidet med planer for sentrumsregulering, havnegate og ferjeleie fortsette. Likeså vil det sammen med kommunen bli sett på mulige tiltak for utbedring av Øvre veg og Sandvegen m/forlengelse. Ellers i ruta planlegging for flere miljøtiltak samt for mindre utbedringer og nye bruker i forbindelse med forsterkningsarbeid til 10 t akseltrykk.

Rv 64.

Det vil bli utarbeidet detaljplan i henhold til godkjent hovedplan for parsell Stein-Hen, ellers detaljplan for gang/sykkelveg/kommunal sideveg Vågseter-Røvik.

Rv 65.

Planlegging for en del miljøtiltak.

Rv 66.

Hovedplanlegging Kariset-Høgset vil bli tatt opp igjen dersom stortingsmelding om KRIFAST får tilstrekkelig positiv omtale i Stortingsget.

Rv 67.

Det vil bli utarbeidet detaljplan for parsellen Visnes-Ørjavik i henhold til godkjent hovedplan. Ellers endel planlegging på Averøy med detaljplan Haukåsvatnet-Epletorget og hovedplan Bruhagen som største prosjekt. Det vil dessuten bli sett på en alternativ ilandføring på Averøy av eventuell Atlanterhavsvæg.

Rv 652.

Hovedplanlegging Sundnes-Velsvik-Stigen. Ingen store linjevalg, men vekt på standard og prioritering av byggesteg.

Rv 654.

En del planlegging for miljøtiltak. Ellers seiler spørsmålet om ny bru over Straumen eller vegomlegging opp som en stor og viktig oppgave. Her er det åpenbart duket for betydelige interessekonflikter.

Rv 655.

Detaljplanlegging Sæbø-Frøland bru dersom hovedplan blir godkjent tidsnok.

Rv 657.

Hovedplan Solevågseid-Bjørkavåg inngår som del av hovedplan for rv 14 i samme området.

Rv 658.

Planlegging for gang/sykkelveg Valderhaugstrand-Gjøsund. Ellers oppfølging av den planlegging som bruselskapet for fast samband Ålesund-Ellingsøy-Valderøy utøver.

Rv 660.

Framholdende detaljplanlegging for parsell Sira-Dokklev.

Rv 661.

Største oppgave er hovedplan Helland bru-Kjelbotn. Hovedplan Fiksdal-Tomra ventes godkjent innen årets utgang. Ellers avventes Samferdselsdepartementets behandling av klagesak Leirvikbukta-Furneset før en eventuelt innleder arbeid med grunneverver.

Rv 662.

Detalj/byggeplan i samsvar med reguleringsplan fra Bjørset i retning Molde sentrum.

Rv 663.

Vi håper å komme i gang med hovedplan for eventuell omlegging i Elnesvågen.

Rv 665.

Også innafor denne ruta håper vi å komme i gang med hovedplanlegging for delparseller.

Rv 666.

Framholdende detaljplanlegging på gjenstående strekninger mellom Torvikbukt og Batnfjordsøra.

Rv 669.

Framholdende hovedplanlegging av veg- og bruprosjektet Smøla-Edøy. Ellers også oppfølging av hovedplan Nesavågen-Reiråbakken.


Ulf Myhre

På plass i 40 år

En kjent mann i vegvesenet, oppsynsmann Karl Wulvik, hadde sin første arbeidsdag 16. februar 1943.

Han begynte som anleggsarbeider på anlegget Sunndal-Eidsøra. «Veg og virke» konstaterte 40 år etterpå at Wulvik er på plass på vegkontoret.

16 år av denne tiden har Wulvik arbeidet i vegvesenet i Hedmark og Oppland fylker.




Kurs i førarprøvevurdering

Hausten og vinteren 1982/83, arrangerde biltilsynet kurs i førarprøve-evaluering for sine førarprøvesensorar og for testkjørarane på trafikk-skulane i fylket. Kurset skulle gje deltakarane høve til å diskutere dei ymse problem som oppstår når ein skal vurdere ei førarprøve, og kanskje skape eit betre grunnlag for korrekte avgjerder som alle kan einast om.

Kurset vart lagt opp distriktsvis slik at ein gjennom fire kurs fekk dekt alle fire stasjonane i fylket og alle skulane. Interessen for kurset syntest å vere på topp både hos biltilsynets sensorar og skulane sine testkjørarar. Helle 41 deltakarar gjennomførte kurset og 27 skular var representerte, noko som vi arrangørar finn god grunn til å vere nøgde med.

Kurset bestod av ein teoretisk og ein praktisk del. Etter å ha «varma opp» med litt teoretisk oppfrisking av kunnskapane omkring evaluering generelt og førarprøven spesielt, gjekk ein gruppevis til vognene for å ha kjøreprøver med reelle elevar. Etter at alle testkjørarar og sensorar hadde fått kjørt «sin» elev, starta ein opp andre dag med gruppe- og plenumsdiskusjon. Her prøvde ein på bakgrunn av det ein hadde vore gjennom å finne ei sams plattform for verdsetting av kjøreprøvene. Etter denne samlinga gjekk ein så laus på siste runde med praktiske kjøreprøver der testkjørarar og sensorar no vart omplassert i nye grup-



F.v. Dahle frå biltilsynet, kjørelærar Sjømæling og førarkortkandidatane Anne Bergset og Mette Breivik. I bakgrunnen ser vi Reitan frå biltilsynet.

per for å kunne «bryne» seg på andre kollega. Kurset vart runda av med ei oppsummering.

Kva har ein så att av eit slik kurs? Skal ein dømme etter utsegnene beinveges etter kurset forbyr vår blygsle oss å gjenta dette. Vi skal vel heller ikkje leggje all verdens vekt på utsegner frå folk i tung kursrus? Difor er vi no i ferd med å gjennomføre ei intervjugranskning der deltakarane i all sin etterpåklokskap og anonymitet får seie si underlege og ærlege mening. Kan vi etter denne «meiningsmålinga» framleis sjå våre føresette i augene, er vi kanskje uredde nok til nok ein framstøyt ved seinare høve. Kurstrøyte skal iallefall ikkje føle seg heilt trygge.

Rolv Kornberg.

Oversyn over biltilsynets arbeid i 1982

| | Ørsta | Ålesund | Molde | Kristian-sund | Totalt |
|-----------------------|-------|---------|-------|---------------|--------|
| Kontrollerte kjøretøy | 1 728 | 7 460 | 4 650 | 4 662 | 18 500 |
| Etterkontollar | 623 | 2 139 | 1 480 | 1 020 | 5 262 |
| Utekontollar | 533 | 2 360 | 1 867 | 1 198 | 5 958 |
| Km. teljarar | 622 | 2 115 | 1 910 | 839 | 5 486 |
| Førarprøver | 1 362 | 2 997 | 2 821 | 2 151 | 9 331 |
| Utstedte førarkort | 2 551 | 6 012 | 4 546 | 3 928 | 17 046 |
| Utstedte vognkort | 3 814 | 10 391 | 8 190 | 6 667 | 29 062 |



Med innekontollar, utekontollar og etterkontollar er det i 1982 kontrollert om lag 30 000 kjøretøy, som er om lag som for 1981.

Talet på førarprøver er redusert med om lag 480, medan det er auke på utstedte førarkort og vognkort på om lag 10%.




Brukskontrollen

Brukskontrollen har i 1982 kontrollert 4 340 lastebilar, bussar og vogntog — ei auke på 400 kontrollar i høve til 1981. Om lag 3% av kjøretøya hadde gebyrpliktig overlast — som er om lag som for 1981.

Totalt utgjer gebyra vel kr. 190 000,—.

Arne Johnsen



Nordisk trafikksikkerhetsår

Vegdirektøren som syklist



I eit innlegg på kursdagane ved NTH har vegdirektøren peika på dei problem syklistane kan ha i trafikken. Viktigare er det kanskje at han meiner vi kan betre tilhøva med små midlar.

Det er bygd mange kilometer gang- og sykkelvegar dei siste åra. Desse har **hatt stor verdi for framkommelegheit og for trafikktryggleiken til syklistane.**



Det har også blitt tillatt å sykle på fortau i tettbygde strok. Ein må tru at dette i mange høve reduserar risikoen med sykling i byområde.

Kva er det vegdirektøren meiner vi kan gjere betre med små midlar?

Vi kjenner alle til at syklistane ofte føretrekkjer å sykle i vegbana framfor på fortauet. Høge fortauskantar gjer ofte at dette er den einaste praktiske løysinga.

Når det blir grave gjennom fortau og ut i gata ser ein titt at vegdekket i **gata blir sett i stand før fortauet. Hol og andre skader i vegdekket fører til at syklistane ikkje kan halda stø kurs.**

Mange nytter ikkje gang- og sykkelvegen sjøl om den finst. Det er då grunn til å sjå på om merkinga er god nok, om vegdekket er jamt eller om reinhaldet er bra nok for dei moderne syklane.

Ein sykkeltur iblant for oss som planlegg, bygg og vedlikeheld vegen er sikkert bra for at vi skal sjå problema klårare.

Når det gjeld syklistane sin tryggleik vil eg leggje til at dei også må gjere noko sjølv for å betre tilhøva. Det er mange som demonstrerer sin rett ved å blande seg med biltrafikken også når det er andre løysingar.

Vi veit også at mange vegstreknigar er ekstra farlege med stor traffikk. I slike høve er det ofte ikkje forsvarleg å sykle og slett ikkje for små barn. Dette er også ei side av trafikktryggingsarbeidet.

Men poenget frå vegdirektøren si side var at vi må også sjå etter om vi kan betre tilhøva med små midlar. Dei exempla som er trekte fram viser at det i enkelte høve kan gjerast mykje med litt omtanke.

K.F.



STASJONSSJEF VED BILTILSYNET MOLDE



Kjell Ramstad er tilsett som stasjonssjef ved biltilsynet Molde.

Ramstad er fødd 31. mars 1947. Han vart tilsett i biltilsynet 1. november 1974 og har heile tida tenestegjort ved Molde biltilsynsstasjon. Frå 1. juli 1978 har han vore seksjonsleiar for kjøretøyseksjonen.

Kjell Ramstad tok over stillinga som stasjonssjef frå 1. mars 1983.

Vekst for ferjetrafikken i fylket i 1982

I MRF sitt ruteområde vart det i 1982 frakta 4 079 079 bilar og 12 438 613 passasjerar. Samanlikna med 1981 var dette ein auke på 140 611 bilar, eller 3,6% og 203 666 passasjerar, eller 1,7%. Dette er det høgste talet MRF nokon gong har hatt for biltrafikken. Passasjertrafikken var likevel noko høgare i toppåret 1980. MRF Hadde auke i biltrafikken i høve til 1981 i alle månader utanom april.


Den sterkeste absolute veksten i biltrafikken hadde ein i desse sambanda:

| | | |
|----------|------------------|----------------|
| Rute 20: | Ålesund-Valderøy | + 33 174 bilar |
| Rute 06: | Hareid-Sulesund | + 25 689 bilar |
| Rute 03: | Eiksund-Rjånes | + 16 446 bilar |
| Rute 35: | Lønset-Grønnes | + 12 194 bilar |

Den sterkeste absolute nedgangen i biltrafikken vart registrert i desse sambanda:

| | | |
|----------|---------------------|---------------|
| Rute 29: | Ålesund-Ellingsøy | ÷ 4 686 bilar |
| Rute 15: | Eidsdal-Linge | ÷ 4 503 bilar |
| Rute 07: | Hareid-Ålesund | ÷ 2 186 bilar |
| Rute 19: | Ålesund-Giske-Godøy | ÷ 1 610 bilar |





Geiranger ferjekai.

I 1981 hadde 15 av selskapet sine ferjeruter ein årstrafikk på meir enn 100 000 bilar. I 1982 var det 14 ferjeruter som passerte dette talet. Det vil seie at færre ferjeruter eigentleg står for ein større del av auken i trafikken enn tidlegare. Rute 15 Eidsdal-Linge hadde trafikk over 100 000 bilar i 1981, men kom ikkje høgare enn 98 869 i 1982. I rekjkjefølge er dei 14 største rutene no:

| | | |
|--------------|-----------------------------|---------------|
| 1. Rute 13: | Aursnes-Magerholm-Ikornnes | 327 244 bilar |
| 2. Rute 11: | Festøy-Solevågen-Hundeidvik | 318 801 bilar |
| 3. Rute 33: | Molde-Vestnes-Vikebukta | 299 703 bilar |
| 4. Rute 06: | Hareid-Sulesund | 293 778 bilar |
| 5. Rute 20: | Ålesund-Valderøy | 282 682 bilar |
| 6. Rute 47: | Kvalvåg-Kvisvik | 220 385 bilar |
| 7. Rute 35: | Lønset-Grønnes | 195 680 bilar |
| 8. Rute 44: | Kvitnes-Høgset-Bergsøy | 195 457 bilar |
| 9. Rute 41: | Kristiansund-Bremsnes | 159 971 bilar |
| 10. Rute 10: | Volda-Folkestad | 155 717 bilar |
| 11. Rute 46: | Kvanne-Røkkum | 125 590 bilar |
| 12. Rute 03: | Eiksund-Rjånes | 125 505 bilar |
| 13. Rute 31: | Aukra-Hollingsholm | 124 447 bilar |
| 14. Rute 36: | Åfarnes-Sølsnes | 115 679 bilar |

Desse rutene hadde 72,1% av selskapet sin samla biltrafikk, men og 86,5% av dei bilane som vart registrert som attst  ande.

Talet på attst  ende bilar vart endra fr   119 296 i 1981 til 118 603 i 1982. Dette heng saman med betra kapasitet i nokre av problemsambanda.

Dei største sambanda når det gjeld attståande bilar var:

| | | | % av trafikken |
|----------|------------------------|--------|----------------|
| Rute 33: | Molde-Vestnes-Vikebukt | 22 865 | 7,6% |
| Rute 11: | Festøy-Solevågen | 15 393 | 4,8% |
| Rute 13: | Aursnes-Magerholm | 11 736 | 3,6% |
| Rute 44: | Kvitnes-Høgset | 11 195 | 5,7% |
| Rute 47: | Kvalvåg-Kvisvik | 9 871 | 4,5% |
| Rute 06: | Hareid-Sulesund | 9 018 | 3,1% |

Juni var den månaden som hadde mest attstående bilar (17 163 bilar).


Bruk av plastmateriale i fenderverket på ferjekaiene

På det austlege ferjeleiet på Festøy har vegvesenet i vinter skifta ut det gamle fenderverket som var nedslitt med nytt. Her har vi no gjort ei prøve med eit nytt materiale av plast til kledning av fenderveggen istaden for stålplatene som har vore brukt tidlegare.

Materialet som er laga av polyetylen er støypt i format 60 × 170 mm og i lengder på ca. 4,50 m, så dimensjonen blir som på ein 2½" × 7" treplank. Plastplanken blir festa til underliggende treverk med franske treskruar, 16 × 180 mm i avstandar på ca. 40 cm.

Det som særpregar dette materialet er at det samstundes som det har stor fastheit og ei hard og glatt overflate, er det svært bøyeleg og toler store deformasjonar utan å ta skade. Det blir noko dyrare enn stålplater, men vi vonar at vi skal tene att dette på rimelegare vedlikehald, då stålplateveggane er dyre å reparere når dei fyrst blir skadde. Framtida får vi se om dette er rette materialet å satse på når det gjeld fenderverk.

P.K



Her ser vi fenderveggen slik han tok seg ut før all planken var påskrua.



Elias Ræstad og Ole Misund i arbeid med fastskruing av plastplanker på Festøy ferjekai.

«KNUSAREN»

Første driftsesong for den nye «Knusaren» er omme. Den vart sett i drift på anlegget Hen-Markaneset i Isfjorden 28. juni 1982, og avslutta sesongen i Todal 16. desember 1982.

Det er totalt knust 63383 m³, til ein produksjonspris på kr. 23,52 pr. m³. «Knusaren» har overgått forventningane ein hadde til kapasitet.

Høgste kapasitet på 8 timars dag:

| | |
|---------------|---------------------|
| Sprengt fjell | 893 m ³ |
| Grus 0-18 m/m | 804 m ³ |
| Grus 0-55 m/m | 1490 m ³ |

Samkøyringa av dei 15 maskinane som er montert ombord i båten, har gått utan store vanskar.


1. Hen-Markaneset i Isfjorden

Knusing av forsterkningslag 0-200 m/m 9000 m³. Transport lengde til båt 1000 m. Gjennomsnittleg produksjon pr. dag 558 m³. Total kostnad kr. 38,70 pr. m³ levert i silo. Av dette er:

| | |
|----------------------------------|-----------|
| Kjøp av masse, tilbakeplanering, | kr. 16,91 |
| transport til båt | kr. 19,81 |
| Opplasting, knusing | kr. 1,97 |
| Rigg, slep av båt | kr. 1,97 |

2. Lindset i Eide

Knusing av sprengt fjell til forsterknings- og berelag 35.000 m³. Transport lengde til båt 500 m. Gjennomsnittleg produksjon pr. dag 624



m³. Total kostnad kr. 46,- pr. m³ levert på lager. Av dette er:


| | |
|---------------------|-----------|
| Sprenging | kr. 10,42 |
| Transport til båt | kr. 4,91 |
| Opplasting, knusing | kr. 20,06 |
| Transport til lager | kr. 9,36 |
| Rigg, slep av båt | kr. 1,24 |

3. Kvendset i Todal

Knusing av 0-18 mm og 0-55 mm. Transport lengde til båt 800 m. Gjennomsnittleg produksjon pr. dag 929 m³. Total kostnad kr. 37,34 pr. m³ levert i fraktebåt eller på lager. Av dette er :

| | |
|---|-----------|
| Kjøp av masse, tilbakeplanering, transport til båt | kr. 15,24 |
| Opplasting, knusing | kr. 23,61 |
| Rigg, slep av båt | kr. 1,47 |

K. Stokkeland



Mannskapet består av f.v. Palmar Orset og Odd Berget. (Foto K. Stokkeland)

Fra 1984:

Nye regler for skytebasen



Stor opplæringsaktivitet i 1982

Den teknologiske utviklinga skjer fort og krava til oss frå ulike hald vert skjerpa.

I arbeidet med å skape ein etat som er funksjonsdyktig og som kan møte desse utfordringane, er opplæringsverksemda eit viktig verkemiddel.

Opplæringsaktivitetten i vegvesenet har såleis også vore aukande dei seinare åra. I særleg grad gjeld dette den lokale opplæringa (det vil seie opplæring arrangert av vegvesenet i Møre og Romsdal).

På landsbasis er vi eit av dei fylka som har synt stort aktivitet på opplæringssektoren. Dette bør likevel ikkje medføre at vi no slår oss til ro og seier oss vel nøgde. I åra som kjem må vi freiste å nå enno fleire arbeidstakargrupper med opplæring, og ikkje minst freiste å auke kvaliteten på opplæringa.

Status for 1982 syner at dette har vore det mest aktive opplæringsåret fram til no. Tabell 1 og 2 syner korleis opplæringsaktivitetten fordeler seg innan etaten.

Totalt har det gått med 1628 dagsverk til opplæring i 1982 — då er ikkje ulike studiereiser og hospiteringstiltak rekna med. Dette er 526 fleire dagsverk enn i 1981.

Opplæringa utgjorde omlag 1,25% av ordinær arbeidstid i etaten. I 1981 var dette talet 0,83%.

Heile 1439 (88%) av alle opplæringsdagane (1 deltar 1 dag = 1 opplæringsdag) har gått med til lokal opplæring.

Den sentrale opplæringa (dvs. opplæring arrangert av Vegdirektoratet) utgjorde 8% av alle opplæringsdagane, medan den eksterne opplæringa (dvs. opplæring arrangert av

Tabell 1 Fordeling av opplæringsdagar på stillingsgrupper i etaten

| Stillingsgruppe | Ekstern Dagar % | Lokal | | Sentral Dagar % | Total Dagar % |
|---------------------------------|--------------------|-------|----|--------------------|------------------|
| | | Dagar | % | | |
| Vegarbeidsdrifta | 9 14 | 443 | 30 | 2 1 | 454 28 |
| Oppsyn | 4 6 | 590 | 41 | 4 3 | 598 36 |
| Leiring | 3 5 | 24 | 2 | 17 14 | 44 3 |
| O.ing/avd.ing/ing/tekkn./teikn. | 29 44 | 216 | 15 | 49 40 | 294 18 |
| Tekn.pers.biltils. | 9 14 | 57 | 4 | 10 8 | 76 5 |
| Merk.pers.biltils. | - - | 60 | 4 | 15 12 | 75 5 |
| Kons./førstesekr.,vegk. | - - | 29 | 2 | 21 17 | 50 3 |
| Adm.sekr./fullm./ass.vegk. | 11 17 | 20 | 1 | 6 5 | 37 2 |
| Alle tilsette | 65 4 | 1439 | 88 | 124 8 | 1628 100 |

Tabell 2 Fordeling av opplæringsdagsverk pr. person på stillingsgrupper i etaten

| Stillingsgruppe | Fast tilsettete | Ekstern | Lokal | Sentral | Total |
|--------------------------------|-----------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| | | Dagsverk pr. person | Dagsverk pr. person | Dagsverk pr. person | Dagsverk pr. person |
| Vegarbeidsdrifta | 422 | 0,02 | 1,04 | 0,004 | 1,1 |
| Oppsyn | 67 | 0,05 | 8,8 | 0,06 | 8,9 |
| Leiing | 8 | 0,4 | 3 | 2,1 | 5,5 |
| O.ing/avd.ing/ing/tekn./teikn. | 55 | 0,5 | 3,9 | 0,9 | 5,3 |
| Tekn.pers.biltils. | 26 | 0,3 | 2,2 | 0,4 | 2,9 |
| Merk.pers.biltils. | 28 | - | 2,1 | 0,5 | 2,6 |
| Kons./førstesekr.,vegk. | 14 | - | 2,1 | 1,5 | 3,6 |
| Adm.sekr./fullm./ass,vegk. | 28 | 0,4 | 0,7 | 0,2 | 1,3 |
| Alle tilsette | 648 | 0,1 | 2,2 | 0,2 | 2,5 |

andre enn vegvesenet) utgjorde bare 4%.

Knappe økonomiske rammer har gjort at vi har mått avslå mange søknader om deltagning i eksterne opplæringstiltak. Dette er sterkt å beklage då desse opplæringstiltaka ofte kan gje dei tilsette nyttige faglege impulsar.

Når det gjeld fordelinga mellom ulike stillingsgrupper, syner det seg at oppsynet har fått mest opplæring i 1982 — heile 8,9 dagsverk i gjenomsnitt pr. person.

Sett over fleire år vil variasjonane mellom dei ulike stillingsgruppene likevel jamne seg noko ut.

Karstein Fauskanger




Billigere vegg tunneler

tema for internasjonalt møte i Oslo sommeren 1984.

En tunnel er vanligvis en kostbar del av et veganlegg. I mange deler av Norge er tunneler helt nødvendige. Vi regner med at det er mer enn 750 av dem, landet sett under ett. Av disse er ca. 400 på hovedvegnettet.

Det er viktig å holde kostnaden for bygging og vedlikehold så lave som mulig. Dette gjenspeiler seg i at bare få tunneler har betongutstøp-



ing. Sikringssystemene er enkle der trafikken er liten og det er et minimum av tekniske installasjoner.

Også i andre deler av verden er det mange vegg tunneler som har liten trafikk. Det er ikke nødvendig å velge den mest omfattende og kostbare sikring i alle tilfeller. Internasjonal kontakt og utveksling av erfaringer er meget viktig for utviklingen.

Det internasjonale symposiet som





Overå tunnel.

skal arrangeres i Oslo i juni 1984, tar nettopp sikte på en slik internasjonal utveksling. Målet med symposiet er å finne fram til utførelse som kan føre til lavest mulig bygge- og vedlikeholdskostnader. Trafikk- og sikkerhetsmessige hensyn kommer her inn som viktige faktorer ved valg av løsninger.

Symposiet arrangeres av Statens Vegvesen og Norges Tekniske Naturvitenskapelige Forskningsråd i felleskap. Arrangementet har allerede vakt stor internasjonal interesse, sier vegsjef Kaare Flaate, som er formann i den internasjonale komite for symposiet.

Symposiet vil ha stor betydning for arbeid i vårt fylke. Møre og Romsdal

har ca. 50 vegg tunneler med til sammen over 30 km lengde. Heggura tunnel i Tafjord er med sine 5265 m den aller lengste. Mange av de eksisterende tunneler tilfredsstiller dagens krav med god kurvatur, bredde og høyde. Med de aller eldste kan skape problemer for moderne trafikk ved blandt annet at tverrsnittet er for lite.

Det er nødvendig med omfattende utbedringer av enkelte av disse, et arbeid som må tas over lengre tid. Det er viktig å kjenne til den beste og billigste måten å gjøre arbeidet på. Vi regner med at symposiet skal bringe nye ideer både til dette formål og til bygging av nye tunneler som kommer i tida framover.

Kaare Flaate



INTERNATIONAL SYMPOSIUM ON LOW COST ROAD TUNNELS

Oslo, Norway, 20–23 June 1984

Opplæringsprogram for 1983

Opplæringsprogrammet byggjer på forslag til statsbudsjett for 1983 frå vegkontoret, registrering av opplæringsbehov hausten 1982 og forhandlingsmøte i desember 1982 mellom dei tilsette sine organisasjonar og administrasjonen.

Vi gjer merksam på at ulike tilhøve kan kome inn og forstyrre gjennomføringa av eit slikt opplæringsprogram. Dersom det vert aktuelt med større endringar vil vi ta dette opp med dei tilsette.

Aktuelle deltakarar vil bli oppmoda om å søkje eller kalla direkte inn til kvart einskild opplæringsstiltak.

Administrasjonsavdelinga i samråd med leiinga i andre avdelingar avgjer søker om deltaking i kurs.

| Opplæringsstiltak | Målgruppe | Lengd i dagar | Stad | Tid |
|--|--|------------------|--------------------------------------|--------------|
| Grunnkurs i EDB | Biltilsynet Ålesund | 1 x 3 | Ørskogfjellet | januar-april |
| Generell saksbehandling I | Teknisk og merkantilt personale | 3 + 1 | Støren | januar-mars |
| Bruk og vedlikehald av hjullastarar Cat. 950B/Volvo 4300 | Maskinførarar/specialarbeidarar | 1 | Vegsentralen Eidsvåg og Skodje | januar |
| Bruk og vedlikehald av veggøvel og hjullastar | Maskinførarar/specialarbeidarar | 1 | Eidså og Gurskøy | januar |
| Evaluering av førarprøver | Sensorar/kjøreskulane | 2 + 4 | Ørsta/ Ålesund | jan.-febr. |
| Bygging av småbruar | Oppsyn og spesialarbeidarar i anleggsavdelinga | 1 | Molde | februar-mars |
| Røykdykking og brannvern | Oppsyn og spesialarbeidarar i anleggsavdelinga | 1 | Spjelkavik | februar |
| Knuseverk | Maskinførarar/mekanikarar | 2 | Vegsentralen/ «Knusaren» | februar |
| Generell saksbehandl. II | Teknisk og merkantilt personale | 3 + 2 + 2 | Oppdal og Støren | mars-april |

| Opplæringstiltak | Målgruppe | Lengd i dagar | Stad | Tid |
|---|---|---------------|----------------------|---------------|
| Glattkjøringskurs | Vognførarar | 1 | Molde | mars |
| Landmåling | Landmål./oppsyn | 1 | Molde | mars |
| Teorikurs for yrkesbevis | Maskinførarar | 1 | Ålesund og Molde | mars |
| ADR-kurs | Biltilsynet | 1 | Molde | april |
| Bruk og vedlikehald av småmaskiner | Oppsyn og spesial- arbeidarar i anlegg og vedlikehald | 1 | Eidsvåg | april |
| Rapportføring | Spesialarbeidarar i ½ anlegg og vedlikeh. | | Vegstasjonane | april-oktober |
| Regional konferanse for trafikktekniske seksjonar | Trafikkteknisk seksjon ved vegkontoret | 2 | Trondheim | april |
| Asfaltutleggar | Maskinførarar/mekanikarar | 2 | Vegsentralen | mai |
| Grunnkurs i EDB | Biltilsynet Molde/ interesserte på vegkontoret | 1 x 3 | Molde | sept.-des. |
| Kurs for mellomleiarar | Planavdelinga | 2 + 2 | Stjørdal | sept.-okt. |
| Forvaltningsloven/offentlighetsloven | Biltilsynet | 1 | Biltilsynsstasjonane | sept.-des. |
| Regional personalforvaltningskonferanse | Personalseksjonen | 2 | Hordaland | september |
| Regional rekneskapskonferanse | Rekneskapsseksj. | 2 | Trøndelag | oktober |
| Dekk/felg-kurs | Biltilsynet/maskinavd. | 1 | Molde | oktober |
| Tekniske planar/utsetting | Oppsyn | 5 | Nordmøre | oktober |
| Glattkjøringskurs | Vognførarar | 1 | Ørsta | oktober |
| Volvo lastebilar | Mekanikarar | 2 | Vegsentralen | oktober |
| 180-timars opplæring for yrkesbevis | Maskinførarar | | | nov.-mars-84 |
| Mercedes pick-up | Mekanikarar | 2 | Vegsentralen | november |
| Hjullastar Cat. 950 B | Mekanikarar | 2 | Vegsentralen | november |
| Generell spregnings-teknikk | Skytebaskandid./ oppsyn | 5 | Sunnmøre | desember |
| Kvalitetskontroll | Oppsyn | 5 | Sunnmøre | desember |

VEGEN — vår risikofylte arbeidsplass

Heldigvis er det sjeldent vi i vårt arbeid på og ved vegen utsettes for trafikkulykker. Stor trafikk, høy hastighet, trafikkstøy og forurensing gjør oss likevel utrygge og bidrar alt til å forringe arbeidsmiljøet og gir oss inntrykk av å være på en risikofylt arbeidsplass.



Det største problemet synes å være at bilistene ikke respekterer arbeidsvarslingen og følger de påbud som gjelder. Vegarbeide betyr en grensing i trafikantens frie ferdsel og skaper ofte irritasjon og konflikter som går ut over dem som arbeider på vegen.

Av de forskjellige typer vegarbeide er de bevegelige arbeider som utføres manuelt, ansett som de farligste. Det gjelder for eksempel vegoppmerking og reparasjon av spor-slitasje etter piggdekkbruk.

Trafikkregulering forbi arbeidsplassen må også ofte skje manuelt, noe som i seg selv innebærer en risiko for vegarbeideren.

For at en vegarbeidsplass skal kunne oppleves som noenlunde trygg, trenges det beskyttelse eller avstand fra trafikken. På mange av våre veger kan det være umulig å få gjennomført fordi de ganske enkelt er for smale. Desverre finnes det sjeldent omkjøringsmuligheter, og reparasjon av vegen må derfor vanligvis foregå mens trafikken avvikles forbi arbeidsstedet.

For å komme uvettig kjøring forbi vegarbeide til livs, bør det satses mer på bedre oppmerking, skilting og regulering forbi arbeidsstedet, og trafikantene må læres opp til å vise hensyn ved passering av arbeidsstedet. Rapporten peker på at farene ved vegarbeide kan minkes ved å vurdere arbeidsmetodene og eventuelt erstatte manuelle metoder med bruk av maskiner. Også når det gjelder støy, kan arbeidsmiljøet

bedres ved å ta i bruk støyskjermen-de maskiner og utstrakt bruk av personlig hørselvern, likesom fartsbegrensninger vil gi mindre støy.

Dette fremgår av en rapport som en arbeidsgruppe innen Nordisk Vegteknisk Forbund nylig har lagt frem. I alle nordiske land karakteriseres arbeidsmiljøet på vegene som utilfredsstillende, og problemene relativt ensartet.



Kompressor stjålet

En 3,8 m³ kompressor av type Atlas Copco XAS 60 Dd ble stjålet fra Stabbegjeltunnelen på riksveg 58 i Stordal.

Kompressoren har understell nr. 65 60 72 og vegvesenets interne nr. 534-17. Den ble innkjøpt i 1981 og


anskaffelsesprisen var kr. 84.000,-.

Det har også vært innbrudd i hvilebua. Her ble det stjålet oljeklær og ei pumpe. Tyveriet ble foretatt ca. 11. januar.

TH



Dette er en kompressor av tilsvarende type som ble stjålet.



Nytt fra arbeidsmiljøutvalget

Fredag den 14. januar 1983 var det halde møte i AMU på vegkontoret.

Sak 1/83 var val på ny leiar og nestleiar i AMU for 1983. Desse verva skal veksle mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida. Oddvin Haukeberg er valt til ny leiar og Eivind Vollset er valt til ny nestleiar.

Bruken av overtid

Frå fleire fylker er det i protokollane nemnd bruken av overtid. Her i fylket er det også i nokre høve brukt for mykje overtid. For om mogleg å råde bot på dette vil utvalet be administrasjonen om at dei vurderer å sende ut EDB-listene for overtid til oppsynet. Dei vil da til kvar tid sjå kor mykje overtid den einskilde har.

Lagring av sprengstoff

I same høve var det og diskutert lagring av sprengstoff. Så langt vi veit er det enno nokre få stader som ikkje har godkjende lagringsplassar (2-3 stader). Utvalet vil ta dette opp med dei avdelingane dette gjeld for å prøve å få ordna desse forholda.

Skademeldingar

Skademeldingane for 4. kvartal vart drøfta. Det var 11 skader som samla førte til 169 fråversdagar. Dette vert 15,4 fråversdagar i gjennomsnitt for kvar skade og det er store tal for skade å vere. Vi kan ikkje unngå ulykkene heilt, men vi må prøve å redusere talet på — og omfanget av dei så mykje som råd er.

For året 1982 var det 30 skader som samla førte til 483 fråversdagar (det er meir enn 2 årsverk).

Vi er no midt i hardeste vinteren og den viser seg å vere den mest skadutsette tida i året. Vi må derfor tenkje enno litt meir på tryggleiken no enn elles.

Årsmelding

Framlegg til årsmelding frå AMU og OPU (omplasseringssutvalet) for 1982 låg føre, begge meldingane vart vedtekne.

Hørselstest

Frå midten av februar og i 4 veker vil det gå føre seg ein hørselstest av dei tilsette i drifta. Det er ein spesialutrusta bil som er utlånt frå



Oddvin Haukeberg


Akershus fylke som skal brukast, og testen vil bli halden ved vegstasjonar eller brakkeleirar i distrikta.

Bedriftshelsetenesta

Bedriftshelsetenesta skal leggjast om etter nye retningslinjer. I det høve har administrasjonen vore i kontakt med Vegdirektoratet som diverse melder at det ikkje kan verte nokon endring før i 1984-85. Til den tid må vi ha vår noverande ordning.

Verneutstyr

Det vart vedteke å rå til at det vert kjøpt inn eit antal «vernebager» (vesker) til oppsynet og teknisk personale på vegkontoret. Veskene skal brukast til å ha personleg verneutrustning i. Hjelmane eller dei orange kleda er ein del av ditt vanlege arbeidshyre. Når det blir lagt i ei slik veske er det enkelt å ha desse tinga samla og ta med seg, som t.d. i bilen.



Eivind Vollset

Bruk av tresko

Under saka ymse vart spørsmålet om bruken av tresko når ein kjører bil eller maskin teke opp. Arbeidsmiljøutvalet vil sterkt rå til at tresko ikkje vert nytta i slikt arbeid. Vi bed og om at førarane nøyre vurderer kva slag fottøy som høver når dei skal kjøre bil eller maskin.

*Egil Bakke
sekr.*



**Slagordet alle
støtter:
Vernesko på
alle føtter!**


Arbeidsmiljøetaten

To som gikk over i pensjonistenes rekker ved års-skiftet 1982/83 har fått tildelt sine diplomer og tinnskåler.



Knut Ørjavik t.v., Trygve Sjøholt t.h.
